

Protokoll til styremøte

Møtenummer : 10/2018-2019
Dato : Måndag 23. september
Klokka : 18.00 – 21.15
Stad : Idrettens Hus, Førde

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad			X	
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian			X	
Ryste, Bodil – fungerande org.sjef	X			
Erling Benjaminsen – økonomikonsulent	X			
Narve Heggheim – anleggs- /utviklingskonsulent	X			

SAKER :

Sak 35-2018-2019 Protokoll frå førre møte
Sak 36-2018-2019 Årsmelding 2018
Sak 37-2018-2019 Høyring Idretten Skal og ny idrettsmelding
Sak 38-2018-2019 Overskytande midlar Sogn og Fjordane Idrettskrins
Sak 39-2018-2019 Stønad til deltaking på ekstraordinært idrettskrinsting
Sak 40-2018-2019 Inviterte gjestar ekstraordinært og konstituerande idrettskrinsting

Sak 35 **Protokoll frå førre møte**

Vedtak: Protokollen er godkjend

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 9/2018-2019. 26.08.2019

Sak 36 Årsmelding for 2018

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga for 2018 for framlegging som eiga sak til idrettskrinstinget med tilråding om endeleg godkjenning.

Bakgrunn: Årsmelding for 2018 blir ettersendt.

Sak 37 Høyringar i organisasjonen

Vedtak: Styret godkjenner at Sogn og Fjordane Idrettskrins sine innspel til «Idretten Skal» og ny idrettsmelding blir samanfatta med Hordaland Idrettskrets sine innspel, og sendt samla frå interimsstyret etter neste møte 26.9.19.

Bakgrunn: Norges Idrettsforbund har sendt «Idretten Skal» på høyring i organisasjonen. «Idretten Skal» skildrar fire strategiske planar med utgangspunkt i «Idretten Vil», langtidsplanen for norsk idrett for perioden 2019-2023, som blei vedtatt på Idrettstinget i 2019. «Idretten Skal» er eit målbart og etterprøvbart underliggende planverk for idretten. Sjå vedlegg for Sogn og Fjordane sine innspel til «Idretten Skal». NIF har gitt utsett frist til 27.9.19 kl. 11.00.

Kulturdepartementet planlegg å fremme ei ny idrettsmelding hausten 2020, med behandling i Stortinget våren 2021. Den førre idrettsmeldinga – Den norske idrettsmodellen – blei vedtatt i mars 2013. I denne omgang ynskjer NIF innspel til kva sentrale tema/utfordringar idrettsmeldinga bør omhandle. Sjå vedlegg med utkast til tema/utfordringar.

Sak 38 Overskytande midlar Sogn og Fjordane Idrettskrins («Idrettsfond»)

Vedtak: Styret vedtek at administrasjonen jobbar saman med arbeidsgruppa med vidare utgreingar av stønadsordningar for framlegg på neste styremøte.

Bakgrunn: Arbeidsgruppa har sidan førre møte jobba saman med administrasjonen i Sogn og Fjordane idrettskrins. I møte med særkrinsar, regionar og idrettsråd 12.9.19 vart det presentert forslag til tre stønadsordningar. Basert på innspel som kom i møtet, vil ulike løysingar for midlane bli presentert i møtet (referat frå dialogmøte 12.9.19 vedlagt innkallinga).

Sak 39 Ekstraordinært idrettskrinsting, økonomisk støtte til deltaking

Vedtak: Saka vert vidareformidla til interimstyret.

Bakgrunn: Deltakaravgift til det ekstraordinære og konstituerande tinget er sett til kr. 300 for dagpakke laurdag 9.11, og kr. 1500 for overnatting, middag og dagpakke 8.-9. November. Idrettskrinsen subsidierer då med kr. 245 per pers på dagpakke og kr. 295 per per på overnatting og dagpakke. Det har kome søknad om å dekke utgifter til

tinget. Styret må vurdere om ein skal løyve midlar utover den subsidieringa som føreligg. Alternativ blir presentert i møtet.

Sak 40 Gjestar ekstraordinært og konstituerande idrettskrinsting

Vedtak: Teken til orientering

Bakgrunn: Framlegg til inviterte gjestar vert presentert i møtet. Invitasjonar til det konstituerande idrettskrinstinget må samkøyrast med Hordaland idrettskrets og interimstyret.

ORIENTERINGSSAKER OG REPRESENTASJON

Orienterings-/drøftingssaker:

- Kretsleiarmøte, Harstad v/Nils
- Autopass ferje med negative konsekvensar for idrettslaga v/ Bodil
- TV-aksjonen
- Særkrinstilskot i Vestland idrettskrins

Representasjon:

30.8.19 Hyllestad, opning av hall. Nils.
31.8.19 Årsmøte Bogeskyting region Vest og utdeling av 50-års jubileumsdiplom
Førde bogeskyttarklubb. Arve.
30.8-1.9.19 Nasjonal idrettsrådskonferanse, Ålesund. Narve.
2.9.19 Idrettspolitisk debatt nye Vestland fylke. Bergen. Nils
12.9.19 Dialogmøte idrettsråd, særkrins/region 12. september. Nils, Bodil, Erling, Narve, Lilly
og Ruth Sølvi
20.9-22.9.19 Kretsleiarmøte, Harstad. Nils

Møteplan - neste styremøte:

Møte oktober

Fredag 8. november i Myrkdalen

Møtet vart avslutta kl. 21.15.

Bodil Ryste
Referent

